



GISKE KOMMUNE
6050 VALDERØYA

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr	Saksansvarleg
Giske formannskap	08.09.2008	120/08	SIST
Giske kommunestyre	16.09.2008	091/08	SIST

Saksbehandlar Sigmund Strand	Arkiv: K1-232, K2-	Arkivsaknr 08/1375- 1
---------------------------------	-----------------------	--------------------------

EIGEDOMSSKATT I SJØOMRÅDE

Vedlegg:

Saksut

greiing

:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
05.09.2008	RUNDSKRIV AV 15.11.07 FRÅ FINANSDEPARTEMENTET	93079
05.09.2008	BREV DATERT 21.05.08 FRÅ KS TIL FINANSDEPARTEMENTET	93080
05.09.2008	OT.PRP. NR 1 (2007-2008) SIDE 149-150	93081
05.09.2008	SAKSUTGREIING FOR AUKRA KOMMUNESTYRE, SAK 60/98	93082

Regjeringa varsla i august 2007 – i strategi for ei konkurransedyktig norsk havbruksnæring – at det ville bli sett i gong arbeid med å vurdere om sjøareal bør bli stilt gratis til disposisjon for ulike næringsverksemdar i kystnære områder – eller innføring av betalingsordning for bruk av areal i kystsona.



GISKE KOMMUNE
6050 VALDERØYA

I den samanheng har Oljeindustriens Landsforening bede om ei avklaring om kring eigedomsskattelova sitt virkeområde i sjøområdet.

I saksutgreiinga frå Aukra blir det vist til at:

Høgsterett sitt fleirtal har i RT 2002 s. 1411, Gulendommen, uttalt at eigedomsskatteloven sitt geografiske virkeområde i alle fall strekker seg ut til grunnlina.

I dommen var det ikkje naudsynt å uttale seg om kommunen sin rett til å skrive ut eigedomsskatt rekk ut til territorialgrensa (12 nautiske mil).

Etter høgsterett sin gjennomgang av rettskjeldene, er det mykje som tyder på at kommunen sitt virkeområde for eigedomsskatt er heile kommunen sitt territorium.

Aukra kommunestyre gjorde i sitt vedtak uttale om at det ikkje er grunn til å endre gjeldande regelverk om kring utskriving av eigedomsskatt i sjøområder.

Under eit møte mellom ei interdepartemental arbeidsgruppe som skal utgreie om det kan krevjast betaling for bruk av sjøområde og KS den 07.02.2008, ga KS uttrykk for å støtte innføring av ei betalingsordning for bruk av sjøområdet, under føresetnad av at dette ikkje fører til innsnevring av høvet til kommunar til å skrive ut eigedomsskatt i sjøområdet.

KS viser til at Oljeindustriens Landsforening har teke til orde for at eigedomsskattelovas virkeområde i sjøområdet blir avgrensa til grunnlina. KS er såleis uroa for at eigedomsskattelovas verkeområde i sjøområdet blir begrensa.

Hovedstyret i KS har i møte 14.05.2008 gjort fylgjande samrøystes vedtak:

- 1. KS går mot ethvert forsøk på å frata kommunene retten til å beslutte om det skal være eiendomsskatt i kommunen, og om den skal gjelde hele eller deler av kommunen.*
- 2. KS motsetter seg derfor at staten begrenser eiendomsskattens område i sjøen innenfor territorialgrensen og i kystsonen.*
- 3. KS støtter prinsipielt betaling for bruk av areal i kystsonen, men kan ikke akseptere en betalingsordning som helt eller delvis erstatter eiendomsskatten i kystsonen/sjøområdet.*
- 4. Eventuell eiendomsrett relatert til oppdrett av fisk, skjell etc. må tilfalle kommuner eller fylkeskommune, ikke staten.*

Vurdering:



GISKE KOMMUNE
6050 VALDERØYA

Sjølv om Giske kommune p.t. ikkje har innført eigedomsskatt verken på land - eller har eigedomsskatt i høve installasjonar i sjøområder, så er kommunen ei kystkommune der spørsmålet som nemnt i saksutgreiinga kan vere aktuell. Det bør difor gjerast eit vedtak også i Giske kommunestyre i høve denne saka.

Rådmannen sine merknader:

Rådmannen meiner at Giske kommune bør gi uttale i saka på linje med det vedtak som er gjort i Aukra kommune.

INNSTILLING:

Giske kommunestyre viser til til statleg utgreiingsarbeid om betaling for bruk av areal i kystsona.

Giske kommunestyre meiner at det ikkje er grunn til å endre gjeldande regelverk om kring utskriving av eigedomsskatt i sjøområder.

08.09.2008 GISKE FORMANNSKAP

F-120/08 TILRÅDING:

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

16.09.2008 GISKE KOMMUNESTYRE

K-091/08 VEDTAK:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes godkjend.

Utskrift til:			
Det Kgl. Finansdepartement	Postboks 8008 Dep.	0030	OSLO